

Prosjektet Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss

Hovudprosjekt

« Prosjektet Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss» 2014-2015

Pressemelding, datert 27.01.2016. Hardangerrådet og Voss kommune (www.hardanger.com)

Bakgrunn: Stortinget vedtok Samhandlingsreforma med verknad frå 01.01.2012. Allereie våren 2010 vedtok kommunane i Hardanger og Voss å etablere forprosjekt om tematikken.

Våren 2011 var det etablert eit 2-årig hovudprosjekt som resulterte i vedtak om;

- Etablering av Folkehelsenettverk i Hardanger og
- prinsippvedtak om ny organisering av legevakttilbodet i Hardanger og Voss

Rådmennene i Hardanger, Voss og Vaksdal har vore styringsgruppe for prosjektet.

Dei vedtok å vidareføre prosjektet i ytterlegare 2 år. (2014 – 2015) Vaksdal kommune har deltekt i fleire av delprosjekta.

I alt 9 prosjektoppgåver vart definert;

1. Nettverk Folkehelse
2. Nettverk Kommnehelse- og samfunnsmedisin
3. Prehospitale tenester
4. Nødnett
5. Rus og psykisk helse
6. Kommunal rehabilitering
7. Sekretær ressurs i Samarbeidssekretariatet
8. Miljøretta helsevern
9. Sjukeheimsmedisin

På møte i Styringsgruppa 22.01.2016 vart sluttrapport godkjent og er no sendt fylkesmannen. Fylkesmannen har kvart år støtta prosjektet med skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt. I 2015 var tilskotet 500.000.-. Styringsgruppa er takksam for støtten.

Alle sluttrapportane med bakgrunnsinformasjon er lagt ut på www.hardanger.com

Mål for prosjektet 2014 – 2015

- Det overordna målet har vore å «Leggja til rette for god folkehelse, og dei samla helsetenetene skal sikra god behandling og rehabilitering til dei som treng det»
- Fokus har vore på å lokalisere oppgåver som kan løysast av kommunar i fellesskap og utvikle faglege nettverk og kompetanseheving.

Prosjektet Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss

Dei viktigste resultatata er vedtak om;

- Å vidareføre nettverk for folkehelsekoordinatorane, nettverk for kommunehelse- og samfunnsmedisin med kopling til miljøretta helsevern. Modellen legg opp til minst eitt fellesmøte mellom nettverka årleg.
- Å styrke og systematisere interkommunalt samarbeid vedr. planlegging og drift av miljøretta helsevern.
- Etablering av tiltaksbank for folkehelse på www.hardanger.com
- Interkommunalt samarbeid for å styrke kompetanseheving og vidareutvikle samarbeidet med spesialisthelsetenesta innan fagfeltet rus og psykisk helse
- Interkommunalt samarbeid om vidareutvikling av rehabiliteringsfeltet. I første omgang gjeld dette innføring i kvardagsrehabilitering i kommunane. Når staten har avklart ansvars- og oppgåvedelinga innan rehabiliteringsfeltet vil rådmennene på nytt vurdere interkommunalt samarbeid om meir spesialisert rehabilitering i institusjon.
- Ressursar til å etablere samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta

Nasjonalt nettverk for implementering av samhandlingsreforma la nyleg fram sluttrapport med «Råd for vegen vidare.» www.regjeringen.no Det er beroligande å registrere at dei faglege råda samsvarer med dei løysingane som er tilrådd for å følgje opp samhandlingsreforma i Hardanger og Voss.

Nasjonalt nettverk konkluderer og som følgjer; «Skal kommunene kunne ta ansvar for en større del av de samlede helse og omsorgstjenestene må finansiering av tjenestene være i tråd med oppgaveoverføringen.»

Det at regjering og Storting ikkje har levert på dei grunnleggjande førsetnadene for Samhandlingsreforma er utfordrande for kommunane. (jfr. notat om Statlege førsetnader for samhandlingsreforma. Sjå www.hardanger.com)

Våren 2016 vert det gjennomført eit seminar med Samhandlingsreforma som tema. Hovudfokus vil vere evaluering og vegen vidare.

Voss kommune har på noverande tidspunkt reservert seg frå samarbeid innan miljøretta helsevern. Elles er tilrådingane samrøystes.

Kontaktpersonar:

- I kommunane, rådmennene: Odda, Ullensvang, Jondal, Kvam, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss og Vaksdal.
- Prosjektleiар Magne Vassenden. Tlf. 99207155 magne.vassenden@voss.kommune.no
- Prosjekteigar: Hardangerrådet ved dagleg leiар Jostein Eitrheim. Tlf. 47669524. Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no